



Melding frå Firda vgs, april 23

Hei igjen, her kjem nytt månadsbrev frå skulen

Dei faste aktivitetane vert vidareført i april:

Gratis frukost

Måndag, tysdag, onsdag og torsdag vert det servert gratis frukost til alle i kantina.

Open skule

Måndag, tysdag og onsdag er miljøkoordinator på open skule frå kl 17 - 22. Tysdag vert det servert middag til kr 35,-, onsdag er det gratis kvelds.

Studiekafe

Onsdag er det studiekafe frå kl 17-19. Studiekafeen startar alltid med gratis suppe

Open skule klatring

Tysdagar frå kl 19-21 kveld er det gratis klatring i klatreveggen.

Volleyball

Onsdag kveld er det volleyball i Trivselshallen kl 20-21 for alle som har lyst til å bli med

No når vi går mot slutten av skuleåret vil eg særleg slå eit slag for studiekafeen. Dette er ein god arena for å få jobba godt med skulearbeidet

Tema og hendingar i april

Konsert i samarbeid med opera Nordfjord

Helga 14-17.04 skal alle elevane i musikk klassene våre delta på konsert i lag med musikarar og songarar frå opera Nordfjord og elevar frå Volda vidaregåande skule. Dei skal i samarbeid framføre requiem av Giuseppe Verdi. Det vert konsert i operahuset på Eid fredag 14.04, i Ulsteinvik laurdag 15.04 og i Førde søndag 16.04. Det ligg til rette for fantastiske musikkopplevingar på dei tre stadene. Alle er hjarteleg velkomne

Danseframsyning

Torsdag 27.04 skal elevane ved danselinjene ved skulen ha si årlege danseframsyning. Elevar frå alle tre kull vil delta på scena. Danseframsyningane er blant årets høgdepunkt her på skulen. Sjå heimesida for meir informasjon.

Eksamensførebuing

Denne våren planlegg vi for eksamen. Det er berre nokre få av årets elevar som har vore gjennom eksamen tidlegare. For at elevar og lærarar skal vere godt budde har vi starta med førebuingane tidleg. Det er laga ein eigen rettleiar som alle elevar får utdelt. Vi skal ha allmøte om eksamen. Det vert informert i alle klasser og vi skal køyre test av systema i god tid før eksamen startar. Offentleggjing av skriftleg eksamen skjer fredag 12.mai kl 09.00, munnleg eksamen og munnleg/praktisk skal gjennomførast i veke 23 og 24

Kunstig Intelligens

Eit svært aktuelt tema for tida er kunstig intelligens. Det er eit nytt verktøy som både kan brukast til å skaffe seg urettmessige fordelar og brukast til læring. Vi som skule ynskjer å ha ei proaktiv haldning til det nye, der vi jobbar med korleis vi kan implementere dette i skulekvardagen for å

styrke læringsarbeidet. Kunstig intelligens vil komme til å påverke korleis vi skal jobbe med læring og vurdering i norsk skule. Det er mykje spennande på gang.

Vil elles vise til heimesida vår. Der er det mykje nyttig informasjon om skulen for både elevar og føresette.

Helsing

Hallgeir Hansen
rektor